

# Kyrkje- helsing

**Kyrkjelydsblad for Osterøy**

**Nr. 3 juni 2000**

*Middelalderdag på Hamre 12. juni.*



## ADRESSELISTE FOR KYRKJELEG FELLESRÅD OSTERØY PRESTEGJELD

### Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå  
Nestleiar: Oddmund Vevle  
Johannes Melve  
Wenche Fiskeseth  
Gyda Tveiten Lewis  
Tor Lone  
Alf R. Kallestein  
Enni Revheim  
Oddvar Hannisdal

### Soknerådsleiarar:

**Bruvik:** Wenche Fiskeseth  
**Haus:** Marit Skjeldal  
**Gjerstad:** Roald Hauge  
**Hosanger:** Kari Hauge  
**Hamre:** Brit Vevle Raknes

### Prestane:

Sokneprest Johannes Melve  
tlf: 56 39 00 11  
Treffetid: Haus tysdag 17-19,  
fredag 9-11 og 18-19.  
Kapelan Brigt S. Skeie  
tlf: 56 39 31 00  
Treffetid prestekontoret Hosanger:  
Tysdag 17-19 og fredag 10-12.

### Organistane:

Liv Skoglund tlf: 56 39 26 64  
Kåre Rivenes,  
tlf. 56 39 06 26.

**Sekretariat:** (tidl. kyrkjeverja)  
Dagleg leiar: Kristen Stang  
Tlf: 56 19 22 71  
Ekspedisjon: Mikal Toska  
Tlf: 56 19 22 72  
Faks: 56 19 21 01

### Redaksjonsnemnda:

Kristen Stang  
Sokneprest Melve  
Olav Meltvik  
Øyvind Vevle

**Utforming:**  
Ostringen Reklame

L  
E  
I  
A  
R

Ved.  
Olav  
Meltvik



# Ein bakke bratt

Dette vert skrive 14. mai, etter ein dag med god summarvarme. Slik har det vore i mange dagar no. Frukttrear er nesten ferdige med bløminga, og rhododendron og syrin og mange andre prydbuskar lyser opp i hagane. Kalde vårar eller varme vårar, det er slikt me hugsar og pratar om. Eg hugsar endå godt at april i 1948 var så varm og fin, fruktrea kom tidleg i bløming. 1. mai var det opphaldsver, men overskya og kald vind. Me var på Tyssesætret og la på nytt torvtak den dagen. Hagen heime stod kvit av fruktblomar då me gjekk, men då me kom heim hadde mest alle blomane blese av. Ver og årstider er lette å gripa til om me vil koma i prat med nokon. Og godver og varme ute hjelper godt på humør og trivnad.

Redaktøren var uheldig her ein dag og fekk ein lei kneskade. Våren er ei tid ein småbrukar lyt vera både høgt og lågt. Så det å få påbod av doktoren om å vera heilt i ro, og bruka krykker om eg laut flytta på meg, gjorde meg nedtrykt.

Men her stilte gode vener opp og hjelpte kona mi å flytta sauene til Kleiveland på beite. Andre tilbaud seg å stilla opp for meg i andre samanhengar. Så no er humøret på plass att.

Eg kjem i hug ein gong me var to som skulle på viktige forhandlingar i Bergen.

Me var urolege for korleis dette kom til å gå. Då siterte eg noko frå eit dikt av Ivar Åsen : "Bort i vegen trur eg er bakke bratt, men når eg kjem der då er det berre flatt ". Han som var med meg skreiv ned dette, og me såg ljósare på forhandlingane. No kjende eg at desse linjene høyde i min situasjon og denne gongen. Det varmar at folk i nærmiljøet har omsorg og tid til å stilla opp når det ser mørkt og vanskeleg ut.

Me vonar at dette nr. av Kyrkjeheising kjem ut før pinse. Ein annan stad i bladet står det om mellomalderdagen på Hamre 2. pinsedag. Dette må de lesa nøyne, og finna vegar til Hamre frå heile Osterøy denne dagen.

Me helsar god pinsehelg med dei to første versene av Blix sin pinsesalme frå 1875

Kved opp Guds folk, syng høgt i kor! No er det pinsehelg på jord.

Guds Ande kjem med heilag glod, kved opp Guds folk, med helga ljud.

Han til si kyrkje enno kjem Som fordrom i Jerusalem.

Han kjem uti sin heilagdom Til alle som gjev honom rom.

# Valets kvaler

## Har nokon sett reklamen om mannen som ville kjøpa seg pølse med ketchup?

Når dama spør kva sort han vil ha, står han rådvill og hjelpelaus; for han er ketchup ketchup. Men så enkelt er det ikkje lenger; det finns nemleg: «vanleg ketchup, fyldig ketchup, chili ketchup og den nye sterke salsa-ketchupen».

Historien endar godt: mannen får si pølse med ein beroligande beskjed om at «så lenge merket er, er allting bra.»

Vi kan tenkja oss ein annan slutt på situasjonen. Alle alternativa gjer at mannen misser motet, og et pølsa utan ketchup eller gjev opp heile pølsekjøpet; skal det vera så vanskeleg, så girder eg ikkje!

Av og til kan det vera så mange ting å velja mellom at vi ikkje orkar å foreta noko val: det får berre vera! Alternativa har vorte så mange, mangfaldet så stort, at det rett og slett har vorte eit problem. Det er ikkje 2 ting å velja mellom, men 200. Og kva i alle dagar skal eg velja??

Vi kan tenkja på TV-program. Ikkje lenger berre NRK frå kl. 17-22.

Ikkje lenger spørsmål om vi vil ha mat, man kva slags? Kva farge skal eg ha på håret: blå, raud, lilla, grønn, stripete, krøllete, Å?

Simon Peter, ein av Jesu læresveinar, hadde sikkert ikkje sjanse til å farga håret. Eg trur han hadde svart hår. Ein gong han var i ein pressa situasjon, hadde han berre 2 ting å velja mellom: svara Ja eller Nei. «Er du ein av læresveinane til denne Jesus?»

Spørsmålet Peter fekk på gardsplassen til øvstestresten var ubehageleg. Han hadde ikkje lyst til å verta stilt dette spørsmålet.

Svaret visste han sjølvsagt inderleg godt.

Det spørsmålet Jesus stilte Peter denne dagen etter oppstoda, trur eg Peter også opplevde som eit ubehageleg spørsmål: «Simon Johannesson, elskar du meg meir enn desse?» Det var det han hadde sagt tidlegare: om alle dei andre sviktar deg, så skal i alle fall ikkje eg gjera det, ver sikker!

Jesus var ikkje ute etter å audmjuka Peter. Trykkja han endå lenger ned. Peter møtte ein som ikkje brukte fortida mot han. Jesus var ikkje der for å ta hemn eller for å gje Peter ein på trynet. Jesus var der for å la 3 gongers fornekting av Jesus vert til eit 3 gonger «JA» til Jesus.

Peter hadde ikkje mange svar å velja i då Jesus spurde han. Om Jesus betyr noko for han.

Spørsmålet Peter fekk av Jesus er likevel framleis aktuelt:

Elskar du meg? Betyr eg noko for deg?? Nokon vil kanskje svara: Nei, ikkje særlig mykje. Eg veit ikkje heilt.

Etter spørsmåla frå Jesus, fekk Peter ein fjerde ordre: «Følg meg!» Det var ikkje eit spørsmål om å velja mellom 200 forskjellige alternativ. Peter måtte anten følgja Jesus eller la vera.

Eit par år tidlegare hadde Jesus spurt læresveinane om dei ville gå bort frå han, dei også. «Herre, kven skulle vi gå til? Du har det evige livs ord. Vi trur og veit at du er Guds Heilage,» hadde Peter då svara. Noko brukbart alternativ til Jesus hadde Peter ikkje funne - sjølv om sjansen til å velja var der.

For han var det noko heilt anna enn å velja mellom ulike typar ketchup på ei pølse!

**Brigt Skeie**

# Humanisme eller kristendom?

**Den sekulære humanismen tek utgangspunkt i mennesket, og målestokken for kva som er godt og vondt er sameleis mennesket, det som tener våre nære behov her i livet. Humanistane går ut frå at me menneske er gode på botnen.**

Det er difor viktig å organisera samfunnet slik at me får utvikla oss og ta i bruk det gode i oss utan alt for sterke stengsel, så vil me verta frie og lukkelege menneske som kan meistra livet på ein positiv måte. Dei har tru på at me menneske i fellesskap best kan finna ut korleis me skal leva saman og ordna livet vårt til beste for oss sjølv og andre.

I kristendomen er Gud sentrum. Her finn me eit meir pessimistisk syn på våre evner og vår vilje til å gjera det som er rett og godt mot kvarandre. Rett nok kan me i det ytre læra å vera venlege og gjera gode gjerningar, men på botnen er me oss sjølv nærest og sokjer først og fremst å sikra våre eigne interesser. Målt med ein fullkommen målestokk, som er Guds vilje, er me rett og slett fortapte syndrar utan evne til verkleg å gjera det gode. Me maktar

ikkje å elsa Gud over alle ting og nesten vår som oss sjølv. Framfor Gud, den rettferdige domaren, står me skuldige.

Det virkar som om den verdslege humanismen står sterkt i samfunnet i dag. I praksis ordnar vel dei fleste seg som om Gud ikkje finst. Me avgjer sjølv kva som er rett og gale, og samlivet mellom oss vert i stor grad ordna etter kva me opplever som best for oss i den aktuelle situasjonen. Og kva vert fruktene av det? Brotne relasjonar og vonløyse. I staden for solidaritet og ansvar for kvarandre har me fått ein individualistisk livshaldning opptatt av kva som fyller mine eigne behov. Den russiske diktaren Dostojevskij tok noko i vår tid «på kornet»

Då han for om lag 130 år sidan skrev: «Ensomhetsperioden, sier De, hva for en ensomhet? Jo, den som nå hersker overalt, og især i vår tidsalder, men ennå ikke er slutt, ennå ikke har nådd sin grense. For hvert menneske arbeider jo nå mest mulig for å skjere ut sin person, ønsker i seg selv å prøve hele livets fylde;» (utheva av underskrivne), «men --- i stedet for å nå den fulle selvestemmelse for sitt vesen, synker man i fullkommen ensomhet. ----- Verden har proklamert frihet, især i den siste tid, og hva finner vi vel i denne deres frihet: bare treldom ..! Ved å oppfatte frihet

som en økning og snarlig oppfyllelse av krav, fordriver de sin natur, fordi de i sitt indre aler en mengde meningsløse og dumme ønsker og vaner og rent uvettige påfunn. ----- hvor skal den ufri vende seg hen, når han er blitt i den grad vant til å stille sine tallløse behov, dem han selv har klekket ut i sine tanker! Han lever alene med seg selv; ---» (F.M.Dostojevskij: Brødrene Karamasov. Lanterne. Oslo 1976 b. I s. 336 og 347)

«I humanismen snakkar mennesket med seg sjølv om seg sjølv,« har ein klok mann sagt. Då avgjer me problemstillingane sjølv og får dei svara som passar oss best. Ut i frå eit kriste syn er det Gud som både skriv sakliste og gjev svar. «Eg baud meg fram for dei som ikkje spurde. Eg var å finna for dei som ikkje sökte meg.» (Es. 65,1) «Det som auga ikkje såg og øyra ikkje høyrd, og som ikkje kom opp i noko menneskehjarta, det har Gud etla å dei som elskar han.» (1. Kor. 2,9) Det er evangeliet, ordet om at Jesus leid og døydde på krossen for å sona all verda si synd. å få ta i mot dette, og tru at det gjeld for meg, er fridom for ei kvar sanningssøkjande sjel som har gått vill i sine eigne tankar, ynskje og behov.

**Øyvind Vevle**

## Bladpengar

I dette nr. ligg det ein giroblankett. Dei det ikkje høvde for å betala på giroen som låg i juledr. får her ein ny sjanse . Det er bladpengar og gåver som er intektskjelda til "Kyrkhelsing" og me vonar på framleis velvilje hjå ostringane.

Bladpengar er kr. 100,-


# Temakveldar ved Ole Danbolt Mjøs og Tor Brekkeflat i Hosanger kyrkje

For nokre år sidan skipa Hosanger sokneråd til ein del temakveldar i kyrkja. Ulike emne vart tekne opp, og dei som møtte til dese temakveldane, gav uttrykk for at dette var både nytig og kjekt.

No tek me opp att denne ideen, og skipar derfor til tre temakveldar utover hausten. Me er så heldige at me har fått tak i to kapasitatar, kvar på sitt område, som vil kåsera om ulike emne.

Siste onsdag i september kjem Ole Danbolt Mjøs. Han er lege og professor ved Universitetet i Tromsø, og vil nok vera kjend for dei fleste frå TV. Elles er han medlem av Verdikommisjonen, og han har også på ulike måtar vore aktiv i hjelp til dei som har kome skeivt ut i livet.

Thor Brekkeflat er prest i Kirkens Bymisjon i Bergen, der han møter menneske i ulike livssituasjonar. Elles vil han nok vera kjend for mange både gjennom avisar og TV. Nokre har kanskje lese om han i samband med ei friluftsgudsteneste ved «Den blå steinen» på Torgalmenningen i Bergen, og me hugsar også at han var aktiv i arbeidet blant dei pårørande i samband med Sleipner - ulukka i november 1999. Han vil koma ein



onsdagskveld i oktober og ein i november.

Som lesarane skjørnar, er me prioriterte som har lukkast å få tak i desse to, og me vonar at mange vil møta opp for å høyra dei.

Tema for kveldane er enno ikkje heilt fastlagde, og datoane er også litt usikre. I neste nummer av Kyrkjeheelsing vil me koma attende med meir informasjon.

## Alpha

**Ja, det er gresk og tyder A. For somme er kristendomen uråd å skjøna og få tak på. Men det kunne vera interessant å vita litt meir om kva kristendomen går ut på.**

Då er eit Alpha-kurs ein god start. Til hausten vert det Alpha-kurs i Haus kyrkjelydshus. Kvar kveld tek til kl. 19.00 med felles måltid. Samtale i grupper høyrer og med.

Ei innleiing høyrer med kvar gong, og emna som vert tekne opp er m.a.

Kven er Jesus? Kven er den heilage Ande? Kvifor og korleis les eg Bibelen? Korleis leier Gud oss? Helbredar Gud i dag?

Alpha-kurset vert tysdagane 19.09, 26.09, 03.10, 10.10, 17.10, 31.10, 07.11, 14.11, 21.11. og 28.11. I tillegg til kurset høyrrer det ei helgesamling. Denne vert på Kvamsæter 20. - 22. oktober. Arrangør er Haus, Gjerstad og

Bruvik sokneråd.

Alpha-kurset er for den som vil finna ut meir om den kristne trua, for den som vil friska oppatt grunnleggjande sanningar i trua, for den som søker eit kristent fellesskap,

for den som treng ny inspirasjon, Me ser fram til kurset!

## ALPHA

For deg som søker eit svar


# Nytt frå:

Kyrkjeleg Fellesråd

Osterøy Prestegjeld  
v/ dagleg leiar Kristen Stang

## Maling av Bruvik kyrkje

Omsider er utvendes maling av Bruvik kyrkje kome igong. I tillegg til 2 strøk med maling, vert det også skifta renner og nedlaup, kårmer og lister på vindauge vert kitta og stelt, bislaget vert retta opp og tekkinga på kyrketårnet vert reparert. Ei ulempe var det rett nok at stellinga kring kyrkja måtte stå oppe under konfirmasjonsgudstenesta og på 17. mai. Men vi reknar at det trass i alt no er det mest viktige at kyrkja vert malt.



## Rekneskapsføringa for sokneråda

Etter dei nye føreseggnene for verksemda for kyrkjene er det frå dette året kyrkjeleg Fellesråd

som skal stå for rekneskapsføringa for sokneråda. Det tyder at ein må få til eit sams opplegg for alle sokneråda, og dette har teke meir tid enn ein først rekna. Sjølve maskinføringa er det kommunen sitt økonomikontor som skal stå for. slik det også gjer for Kyrkjeleg Fellesråd sitt eige rekneskap, og dette arbeidet må ein passe inn i høve til andre gjeremål.

Det er difor ikkje vore mogeleg å presentere soknerådsrekneskapa i lag med årsmeldingane på dei ordinære årsmørtene for sokneråda denne våren. Vi reknar likevel med at rekneskapa vil vera klare før sumeren, og at når ein no først har fått tinga i system, vil det ikkje verta problem med å halde rett tid i åra vidare framover.

## Tusenårstreet på Hamre:

Onsdag 10. mai vart det planta tusenårstre på Hamre i høve at dette saman med Hatlandsrådet er valde til tusenårsstader på Osterøy. Tusenårstreet på Hamre er ein poppel som er planta like nedafor vegen ved prestehuset.


Heile heradstyret som denne dagen var på synfaring i Hamre-området, og fleire klassar frå Hamre skule var augnevitne til at ordførar Ove Kleiveland sytte for plantinga med fagmessig hand. Godt assistert av elevar frå Hamre skule. Før det hadde rektor Kristoffer Foldøy fortalt frå kyrkjestaden og tingstaden på Hamre si historie. «Fagert er landet» vart og sunge med tonefølgje av 2 elevar på kornett.

## Pilgrimstur kring Osterøy:

Vi viser til omtalen av denne turen i førre nr. av Kyrkjhelsing. Turen går altså med robåtar frå kyrkjakaien på Hamre fredag 9. juni kl. 17.00, om Sørfjorden og Osterfjorden attende til Hamre til 2. pinsedag om morgonen. Nærare opplysningar kan ein få hjå Kristen Stang, Osterøy Kyrkjeleg fellesråd, tlf. 56 19 22 71.

**Konfirmantbileta kjem i neste utgåve av Kyrkjhelsing til hausten.**

# Nytt frå:



Kyrkjeleg Fellesråd

Osterøy Prestegjeld

v/ dagleg leiar Kristen Stang

## Maling av Bruvik kyrkje

Omsider er utvendes maling av Bruvik kyrkje kome igong. I tillegg til 2 strøk med maling, vert det også skifta renner og nedlaup, karmer og lister på vindauge vert kitta og stelt, bislaget vert retta opp og tekkinga på kyrkjetårnet vert reparert. Ei ulempe var det rett nok at stellinga kring kyrkja måtte stå oppe under konfirmasjonsgudstenesta og på 17. mai. Men vi reknar at det trass i alt no er det mest viktige at kyrkja vert malt.



## Rekneskapsføringa for sokneråda

Etter dei nye føresegnene for verksemda for kyrkjene er det frå dette året kyrkjeleg Fellesråd

som skal stå for rekneskapsføringa for sokneråda. Det tyder at ein må få til eit sams opplegg for alle sokneråda, og dette har teke meir tid enn ein først rekna. Sjølve maskinføringa er det kommunen sitt økonomikontor som skal stå for. slik det også gjer for Kyrkjeleg Fellesråd sitt eige rekneskap, og dette arbeidet må ein passe inn i høve til andre gjeremål.

Det er difor ikkje vore mogeleg å presentere soknerådsrekneskapa i lag med årsmeldingane på dei ordinære årsmørtene for sokneråda denne våren. Vi reknar likevel med at rekneskapa vil vera klare før sumeren, og at når ein no først har fått tinga i system, vil det ikkje verta problem med å halde rett tid i åra vidare framover.

## Tusenårstreet på Hamre:

Onsdag 10. mai vart det planta tusenårstre på Hamre i høve at dette saman med Hatlandsområdet er valde til tusenårsstader på Osterøy. Tusenårstreet på Hamre er ein poppel som er planta like nedafor vegen ved prestehuset.

Heile heradstyret som denne dagen var på synfaring i Hamre-området, og fleire klassar frå Hamre skule var augnevitne til at ordførar Ove Kleiveland sytte for plantinga med fagmessig hand. Godt assistert av elevar frå Hamre skule. Før det hadde rektor Kristoffer Foldøy fortalt frå kyrkjestaden og tingstaden på Hamre si historie. «Fagert er landet» vart og sunge med to nefølgje av 2 elevar på kornett.

## Pilgrimstur kring Osterøy:

Vi viser til omtalen av denne turen i førre nr. av Kyrkjeheising. Turen går altså med robåtar frå kyrkjekaien på Hamre fredag 9. juni kl. 17.00, om Sørfjorden og Osterfjorden attende til Hamre til 2. pinsedag om morgonen. Nærare opplysningar kan ein få hjå Kristen Stang, Osterøy Kyrkjeleg fellesråd, tlf. 56 19 22 71.

**Konfirmantbileta kjem i neste utgåve av Kyrkjeheising til hausten.**



# På kyrkjebakken

**KALENDAMAYA** spelar på mellomalderdagen på Hamre 2. pinsedag, og me tek her med ein omtale av gruppa.

En konsert med KALENDAMAYA er en anderledes og spennende opplevelse.

Gruppa, som har spesialisert seg på middelaldermusikk, opptrer i tidsriktige drakter og spiller på autentiske instrumenter, ca. tjue i tallet. Mange er bygd av

Sverre Jensen etter gamle manuskripter og steinskulpturer fra middelalderen.

Musikerne ser det som et mål å gjøre denne musikken levende for moderne mennesker. Ved sin friske spillestil, influert av folkelige musikktradisjoner fra mange land, har de nådd ut til et bredt publikum.

Kalenda Maya må regnes som landets ledende middelaldermusikk –

gruppe, som også har opparbeidet seg et stort publikum i utlandet. Kalenda

Maya har turnert i Brasil, Spania, Portugal, Frankrike, Tyskland, Estland, Finland, Sverige, og rundt om i Norge.

I 1985 ga de ut sin første CD som de fikk Spellemannprisen for. De har senere gitt ut to kritikerroste CD-er, Norske middelalderballader i 1989 og Pilegrimsreiser i 1997.

Kalenda Maya har et variert repertoar av middelaldermusikk : Spanske sanger om Jomfru Marias mirakler, italienske danser, franske trubadursanger om høvisk kjærlighet, tyske Minnesangerlieder som lovpriser våren og naturen, pilegrimsanger på veien til de viktigste valfarts-

stedene i middelalderen, det være seg Nidaros, Roma, Jerusalem eller Santiago de Compostela. Fra Norge har de kledd norske middelalderballader i middelaldersk tonedrakt. Både legendeverviser, om martyrer og helgener, ridderverviser, kjempeviser og naturmytiske viser har de på reportoaret.

Kalenda Maya er vant til å presentere musikken sin både i kirker og i mer verdslige omgivelser og ser frem til å spille på Hamre.

*Dei som er med :*

**Sidsel Brevig**, fidler

**Tone Hulbækmo**, sang, harpe, lyre, rytmeinstrumenter

**Hans Fredrik Jacobsen**, fløyter, sekkepipe, lutt, kantele

**Sverre Jensen**, psalter, mando, lutter, dreielire

**Tomas Nilson**, rytmeinstrumenter



# Velkommen til kyrkja

Kyrkjesskyss til  
Hosanger frå Tysse,  
ring Olav Meltvik,  
tlf. 56 39 52 27.

## KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD KYRKJE

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Roald Hauge	tlf: 56 39 45 07
Astrid Mæle	tlf: 56 39 02 06
Marta Gjerstad	tlf: 56 39 20 31
Turid Njåstad	tlf: 56 39 24 59

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrrer sjølv, får dei andre til å gjera det.

Marta Gjestad

**Kyrkjesskyss til Haus kyrkje**  
Desse personane kan kontaktast  
pr. telefon:

Berit Torp	56 39 03 59
Bjarte Mjelde	56 39 04 64
Einar J. Selvik	56 39 43 37
Inger M. Litland	56 39 01 17



### 11. juni Pinsedag. Joh. 14, 15-21.

GJERSTAD kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Melve. Nattverd. Dåp. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.

HOSANGER kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Skeie. Dåp. Nattverd. Kyrkjekoret. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

### 12. juni 2. Pinsedag. Joh. 6, 44-47.

HAMRE kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Kyrkjekoret. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. kl. 14.00 Felleskyrkjeleg gudsteneste på Klokkarneset. Sjå eige program for dagen!

### 18. juni 1. s. etter pinse (Treeiningssundag) Matt. 28, 16-20.

HAUS kl. 11.00 Familiegudsteneste. Melve. Skulemusikken og Barnekoret er med. Dåp. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Grillfest i prestegardshagen etterpå. Friluftsgudsteneste. Skeie. (Ved regn: i Hosanger kyrkje).

### 25. juni 2. s. etter pinse. 1. Tim. 6, 6-12.

VASSDAL Skule kl. 11. Gudsteneste. Melve. Gudsteneste. Kallestein. Offer til Bjørgvin bispedømeråd.

### 2. juli 3. s. etter pinse. Luk. 19, 1-10.

GJERSTAD kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Utsending frå Sjømannsmisjonen. Takkoffer til Sjømannsmisjonen. Gudsteneste. Kallestein. Offer til Kyrkjelyds arbeidet.

### 9. juli. 4. s. etter pinse. Luk. 15, 11-32.

HAMRE kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Dåp. Nattverd. Offer til IKO. Kyrkjekaffe. Gudsteneste. Melve. Nattverd.

### 16. juli. 5. s. etter pinse. Joh. 8, 2-11.

HOSANGER kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd. Offer til Bjørgvin bispedømeråd. HAUS kl. 19.00 Gudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Sjelesorgsenteret/Bergen Diakonisnehjem.

### 23. juli. 6. S. etter pinse. 1. Kong. 19, 1-9a.

BRUVIK kl. 11.00 Høgmesse. Skeie. Nattverd.

### 29. juli. Olsok. Matt. 20, 25-28.

GJERSTAD kl. 19.30 Gudsteneste. Skeie. Samling på museet etter på.

### 30. juli. 7.s. e. pinse. Matt. 16.24-27.

HAUS kl. 11.00 Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

HAMRE kl. 19.00 Gudsteneste. Skeie. Nattverd. Offer til AAN.

### 6. august. 8. s. e. pinse. Matt. 10.28-31.

HOSANGER kl. 11.00 Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Fjellkyrkje.

GEITNIPA kl. 15.00. Friluftsgudsteneste. Skeie.

**13. august 9. s.e. pinse. Matt. 7.21-29.**

GJERSTAD kl. 11.00. Høgmesse. Skeie. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS:

**20. august. 10. s. etter pinse. Luk. 12, 42-48.**

HOSANGER kl. 11.00 Høgmesse. Skeie. 50 års konfirmantar. Natt verd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

BRUVIK kl. 11.00 Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Bru vik Barnekor.

**27. august. 11. s. etter pinse. Joh. 6, 66-69.**

HAUS kl. 11.00 Høgmesse. Melve. 50 års konfirmantar. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

HAMRE kl. 11.00 Høgmesser. Skeie. 50 års konfirmantar. Natt verd. Offer til Kirkens SOS.

**3. september. 12. s. etter pinse. 2. Sam. 12, 1-9+13.**

GJERSTAD. Kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Eldres dag. Konfirmant presentasjon. Nattverd. Takkoffer til Kyrkje lydsarbeidet.

HOSANGER kl. 11.00 Gudsteneste. Kallestein. Offer til Kirkens By misjon.

**10. september. 13. s. etter pinse. Matt. 12, 33-37.**

BRUVIK kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Konfirmanrpresentasjon. Takkoffer til Norges KFUM/KFUK.

HAMRE kl. 11.00 Høgmesse. Skeie. Konfirmantpresentasjon. Offer til Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffe.

HAUS kl. 19.00 Gudsteneste. Melve. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til Strømmestiftelsen.

17. september. 14. s. etter pinse. Matt. 5, 43-48.

HOSANGER kl. 11.00 Høgmesse. Skeie. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til NLA (Lærarakademiet).

**24. september. 15. s. etter pinse. Joh. 5, 1-15.**

HAUS kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til NLA (Lærarakademiet).

HAMRE kl. 11.00 Høgmesse. Vikar. Nattverd. Offer til NLA.

**29. september. Mikkelsmesse.**

GJERSTAD. Kl. 20.00 Mikkelsmesse. Melve.

**HAMRE BARNEKANTORI  
HOSANGER BARNEKANTORI**

tek opp nye songarar når nytt skuleår startar. Songarane må vera 3.- klassingar eller større, både gutter og jenter er velkomne.

Barnekantoria syng ofte på gudstenester, av og til på andre arrangement.

Det er eit kyrkjeleg undervisningstilbod, der det handlar både om å læra å vera glad i gudstenesta og å utvikla stemme og musicalitet.

Leiar er organist Liv Skoglund

Kontingent kr. 150,- for heile skuleåret. Barnekantoria er med i Osterøy musikkråd og Ung kirkesang.

Hamre barnekantori øver i Hamre kyrkje onsdagar 16.50 – 17.45, første gong etter sumaren 23. august.

Hosanger barnekantori øver i Hosanger kyrkje tysdagar 16.45 – 17.45. første gong etter sumaren 22. august.

# Familie-nytt



**Hamre:**

*Døypte:*

- 02.03 Knut Fossdal Århus  
Thomas Bolstad Alden  
Vanja Vatle  
Ole Kristian Falkmo Be  
rentsen  
16.04 Marcus Brakvatne Wie  
Thomas Mosevoll  
Susanne Tveit  
Ronja-Angelica Kleiveland  
Kleppe

*Gravlagde:*

- 08.02 Sollaug Horsås (f. 1949)  
07.04 Ingeborg Reigstad  
(f. 1913)  
18.04 Bjarne Kåstad (f. 1905)

**Hosanger**

*Døypte:*

- 26.03 Anette Bysheim Tysse

*Gravlagde/bisette:*

- 04.04 Hans Christian Fjeld  
(f. 1917)  
05.04 Margit Elisa Presttun  
(f. 1905)  
25.04 Ingeborg Øvsthushus  
(f. 1901)

**Haus**

*Døypte:*

- 09.04 Geir Bøe Myking  
09.04 Håkon Torp Mostrøm

*Gravlagde:*

- 14.04 Jenny Vedå (f. 1926)  
09.05 Olaf Aase (f. 1918)

**Gjerstad**

*Døypte:*

- 12.03 Marit Løtveit Lone  
08.04 Ha Than Pham  
16.04 Espen Moslett Borge  
16.04 Ana-Helen Røskeland  
Hovden  
24.04 Helene Gjerstad

*Gravlagde:*

- 24.03 Bodil Kallekleiv (f. 1953)  
12.05 Terje Norpoll (f. 1964)

**Bruvik**

*Døypte:*

- 23.04 Arve Fjeldstad  
23.04 Idar Fjeldstad

# Alle vegar fører til Hamre

## 2. pinsedag 12. juni

*Bernadus de Ortolis;*

Dette året tykkjer vi at vi med litt rette kan låne Roma sitt ordtak om at alle vegar fører dit, særleg når vi no også opp att nyar vitjinga frå den pavelege utsendinga i år 1327. Vi lover at Bernadus de Ortolis vil vera på plass på Hamre 2. Pinsedagen i år. Rett nok i ein lokal gestalt, men utsjånaden og drakta elles skal retteleg syna at vi denne dagen har ein stormann på vitjing.

I god tid før prosesjonen ut til den felleskyrkjelege friluftsgudstenesta på Klokkarneset kl.

14.00, vil Bernadus de Ortolis verta rodd inn til Kyrkjekaien av stolte roarar, og han kjem ikkje i kva for helst slags pram. For høvet er Åsane Folkehøgskule sin tru kopi av den gamle kyrkjebåten «Klokkaren» utlånt.

## Vitjing frå Nordhordland og Arna og Åsane prosti:

Bernadus de Ortolis vert nok gjerne den mest langvegskomne denne dagen, men frå grannesokna både nord og sør for Osterøy har mange meldt at dei kjem på vitjing. Heile dagen vil det verta stor trafikk til Hamre både sjøverts og

## Dagsprogram

Det vil verta full aktivitet på Hamre frå kl. 10.00 til kl. 18.00 denne dagen, og vi syner til dagsprogrammet på eigen plass i bladet. Vi



langverts. Frå den katolske kyrkja i Bergen vil det også kome vitjing denne dagen og dei vil m.a. står for ein eigen vesper i Hamre kyrkje kl. 16.00.

minner også om «deltakaravgifta» på kr. 25,- for vaksne, som det vil verta høve til å betale i «billettbu» på «torgplassen».

## Konsert i Hamre kyrkje ved mellomalderrenseblet Kalenda Maya

Vi minner elles særleg om kyrkjekonserten kl. 17.00 ved det landkjende Kalenda Maya ensemblet. Det vert også høve til å kjøpe billettar

til kr. 100,- for vaksne og kr. 50,- for born i «billettbu» på «torgplassen», og før konsert start ved inngangen.

## Kjære ostringar:

Etter som vi reknar med så mange tilreisande denne dagen, er det jo særleg viktig at ostringane sjølv møter opp på denne dagen, og er med på å prega han slik vi gjerne vil. Hugs også mellomalderhabitten; ein stav, eit belte, ei kappe eller eit tørkle er kan hende det som skal til

for å gjera dagen til noko ekstra. Det er også svært fint om nokon kan setja av eit par timer til litt ekstra hjelpe denne dagen. Meld gjerne frå om dette på førehand til kyrkjekontoret ved Rådhuset, eller til dei lokale sokneråda. Vel møtt til ein dag å minnast!



# PÅ LEIR....?

TYPE	DATO	ALDER	PRIS
1. Ferieleir	26-30. juni	9 - 12 år	kr. 560,-
2. Leir	30. juni - 3. juli	8 - 10 år	kr. 420,-
3. Leir	3. - 6. juli	10 - 12 år	kr. 440,-
4. Aktivitetsleir	31. juli - 4. aug.	12 - 14 år	kr. 645,-
5. Generasjonsleir	4. - 7. august		kr. 280,-/550,-
6. Ferieleir	7. - 11. august	10 - 14 år	kr. 575,-
7. Leir.	11. - 13. august	7 - 10 år	kr. 315,-



KANO - BÅT - BADELIV - TARZANLØYPE - TRAMPOLINE -  
SELENGLAU - NATURSTI - BALLSPEL - SPEL - LEIKAR

SÆTERVIKA UNGDOMSSENTER LIGG FINT TIL VED SAMNANGERFJORDEN.  
KVAR DAG PÅ LEIR FÅR VI HØYRA OM JESUS OG MISJONSARBEIDET.

Påmelding/nærmare opplysninger:

Norsk Lutherisk Misjonssamband, Østre Muralm. 18, 5012 Bergen.  
Tlf. 55 32 12 52 - Fax. 55 32 15 34 - E-post: mibergen@online.no

## DAGSPROGRAM:

- 10.00:** Opning på utescena:  
Ordførar, soknerådsleiar, representant for  
kulturdagane 2000, Hamre/ Hjellvik mu-  
sikklag. Roarane som har rodd rundt Osterøy kjem i land.  
Følgje kjem langs den gamle kyrkjevegen  
frå Valestrand.
- 11.00:** Høgmesse i kyrkja.  
Utehøgtalarar om kyrkja vert full.
- 12.15:** Diverse aktivitetar på utescena og i områ-  
det.  
Opning av utstillingslokala på Hamre sku-  
le og i prestehuset, matsalet opnar, mel-  
lomalderstemning på plassen m. opptrinn,  
omvising i kyrkja, Osterøy Spel & dansar  
lag har innslag, m.m..
- 13.00:** Tidebøn i kyrkja.
- 13.20:** Utsending frå den katolske kyrkja; Bernar-  
dus de Ortolis kjem sjøvegen, og vert te-  
ken imot.
- 13.30:** Prosesjonsoppstilling: Heilage kar og gjen-
- standar vert bore først. Så kjem alle dei  
geistlege. Så kjem musikklaget. Nokre vert  
køyrd i hestevogner. Så alt folket med fa-  
ner og flagg.
- 14.00:** Felleskyrkjeleg friluftsgudsteneste på  
Klokkarneset.
- 15.00:** Prosesjon tilbake mot kyrkjepllassen.
- 15.30:** Diverse aktivitetar fortsetter.
- 16.00:** Katolsk vesper i kyrkja.
- 17.00:** Mellomalderkonsert i kyrkja med Kalenda  
Maya.  
(Billettpriis kr. 100,- for vaksne og kr. 50,-  
for born.)
- 18.00:** Vi pakkar saman, og takkar for ein fin dag.
- Pendelbåtsamband mellom Hamre, Knarvik og  
Steinestø frå kl. 10.00 til kl. 18.30. Pris kr. 75,-  
tur/retur for vaksne.  
Fritt for dei under 15 år. Rutetabell kjem seinare.  
M/S Bruvik frå Bergen kl.09.00, Frekhaug kl.  
09.30., Salhus kl.09.50., og til Hamre kl. 10.15.  
«Deltakaravgift» på Hamre kr. 25,- for vaksne.*



# *Eg ser deg, Gud*

Eg ser deg, Gud, i kvar den blom som tirer  
i fagre fargar mellom stein og strå,  
som alle opp mot sol og himmel stirrer  
med bjarte smil som barneauge små.

Eg ser deg, Gud, i kvar den bekk som skumar  
i kvite fossar mellom knaus og koll  
og kler i brudeskaut den unge sumar,  
og syng sitt liv utover vang og voll.

Eg ser deg, Gud, i kvar den tind som syner  
eit bilet av din stordom og din glans,  
når soli honom med sin gullkrans kryner,  
og snøen bind av sylv sin glitre – krans.

Eg ser deg, Gud, i kvar den sky som rodar  
så reint og høgt i friske morgonstund,  
og i det gull som eg i kvelden skodar,  
når dagen trøytnar mot si kvilestund.

Eg ser deg, Gud, i alt det liv som yrer,  
kring jordi all og høgt i stjernesveim.  
Eg ser kor vel du skipar alt og styrer  
som kjærleg fader i ein barneheim.

Eg ser deg, Gud, og i mitt auga skjelver  
ei gledetåre for du hev oss kjær,  
og over oss så fager himmel kvelver  
og gav til heim oss slik ei fager verd.

*Johannes Barstad.*

